

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd	5.mars 2014	frå kl 18.30 - til 21.30
Sak frå : 18 / 2014 Sak til: 25 / 2014		<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset
Frammøtte: 5 av 6 medlemmer		

Til stades

<p>Medlemer: Karen Skråmestø, Kjell Berland, Jonas Bratli, Astrid Marie Haugland, Kjellaug Fauskanger Eidsaa</p> <p>Varamedlem: Bente Breivik</p> <p>Meldte forfall: Helge Heggernes, Martin Berland Øystese, Therese Ellingsund</p> <p>Administrasjonen:</p>
--

Andre frammøtte:

Underskrifter:

.....
.....
.....

18/2014 Referat frå møte 12.februar vart godkjent. NB! Egil Hjortland var prest 9.februar.

Sakliste:**Sak nr./år:****19/2014:** Meldingar

- 29.mars er dagen vi bør slukke alle lys frå 20.30 - 21.30.
- Ved gudstenester i fasta bruker vi lys i ulike fargar framme i koret + eigen song.

20/2014 Gudstjenesteliste.

23.03: Festgudsteneste 200-årsjubilèet for grunnlova kl.11.00 v/prost Erling Kopperud. Dåp. offer til Kirkens bymisjon.

09.03: Hovudgudsteneste kl.11.00 v/Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer til eige arbeid.

23.03: Hovudgudsteneste kl.11.00 v/Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer til eige arbeid. Det vert årsmøte i kyrkja rett etter gudstenesta.

21/2013 Årsmelding 2013.

Vi gjekk gjennom forslag til årsmelding, føyde til og endra. Kjellaug F. Eidsaa skriv ferdig meldinga til årsmøtet.

22/2013 Medarbeidarfesten 21.mars.

Då det vert for lita tid til å førebu festen til 21.mars, vart denne utsett til 25.april. Kjellaug lagar innkalling til festen.

23/2013: Julekonserten.

Martin Berland Øystese sendte forespørsel om Hildegunn og Ingelin Garnes Reigstad kunne halde ein julekonsert i Herdla kyrkje i desember. Vi fekk svar frå dei, og dette blei drøfta på soknerådsmøtet. Soknerådet ønskjer likevel ikkje konserten dette året av ulike grunnar. Martin melder attende til Hildegunn Garnes Reigstad.

24/2013: Fasteaksjonen 8.april 2014.

Randi Berland Sørhaug står for planlegginga av denne aksjonen. Det er i år færre konfirmantar enn i fjor, difor må vi ha med fleire vaksne til å køyre, og kanskje gå ved bøsser òg. Reidun Antonsen har sagt seg villig til å gå på Heggernes. På Berland er det heller ingen konfirmantar dette året.

Det trengs fleire bøssebærarar, og dette kan vi seie i kunngjeringane i kyrkja.

25/2013: Eventuelt.

Det vert bispevisitas i mai neste år - 2015.

Neste møte vert onsdag 2.april kl.18.30

Lille Fauskanger 9.mars 2014

Kjellaug Fauskanger Eidsaa
skrivar (sign)